

Utstilling av landbruksredskaper

Av Ola Tronsmoen

Under kulturuka i Alvdal 21-29. juni 1986 vart det satt opp ei utstilling av eldre landbruksredskaper. Utstillinga kom i stand med tanke på organisasjonsjubiléene som bygda Alvdal på denne måten fekk gje ei verdig markering.

Norges Bondelags 90 årsjubileum var liksom det mest markante i denne sammenhengen. Norsk Landmandsforbund vart skipa i 1896 og var opptakta til det som i dag er Norges Bondelag.

Alvdal Bondelags 70 års jubileum må difor føya seg inni markeringa som ein underordna, men likevel svært viktig del.

Alvdal Bondelag vart skipa i 1916. Opptaket til dette vart gjort av landbruksskulelærer Olav Karstad som var lærar ved Storsteigen landbruksskule på den tida.

Alvdal Bondekvinnelags 40 års jubileum vart markert med ein utstillingsdel med hushaldningsutstyr. Dette utstyret fortalte oss om arbeidssituasjonen til kvinna i det gamle bygde- og landbrukssamfunnet og kva arbeidsdelinga var i den gamle driftsmåten i landbruket.

Alvdal Bondekvinnelag vart skipa i 1946 og er på ein måte «nyrenning» i organisasjonsfamilien i Alvdal. Likevel må ein kjenna stor vyrdnad for arbeidet som er lagt ned, og det er bondekvinne-



Asbjørn Løkkens gjødselslåmaskin for radkultur. Maskina ble laga på Storsteigen Landbruksskule i midten av 30-åra.


laga si ære at vi er vortne meir merksame på det fond av livsrøynsle og kulturskaping som er nedfelt i dei gamle ting som finst rundt på gardane i heile landet vårt.

Alvdal Bondelag sto for utstillinga og leita fram frå støvet og gløymser hesteredskaper som vart nytta i landbruket for berre ein mannsalder sidan som heilt daglegdagse ting.

Ettersom utstillinga vart lagt til Storsteigen Landbruksskule og at Alvdal Bondelag vart skipa ved eit samkome på Storsteigen under leiing av landbruksskulelærer Olav Karstad, vart utstillinga gjort til minne om han.

Olav Karstad kom til Storsteigen i 1914 som lærar under Jon Sæland som da var styrar på skulen. Jon Sæland var ein eldsjel i å vekka

bøndene sin faglege kunnskapstrong og kulturelle haldning. Det same var det med Olav Karstad. I innleiinga til møtet da Alvdal Bondelag vart skipa skal han ha sagt: «Dersom den norske bondestand skal overleve i et samfunn som stendig utviklar seg og som aukar sine krav på alle hald, må bonden finna seg sjølv både fagleg og kulturelt. Det er trass alt bonden og hans gjerning som



Deuts landbrukstraktor, innkjøpt 1939 av Asbjørn Trønnes. Traktoren er framleis i fullt brukbar stand. Her utstyrt med midtmontert slåmaskin og plog med bærehjul.

undfanger levemidlane «maten» og underbringer menneskja eksistensgrunnlaget».

Med eit slikt utgangspunkt som organisasjon vart det vekt ein sterk samlingsvilje og det vart mange medlemar i Alvdal Bondelag på stutt tid.

Olav Karstad vart og ei stutt tid konstituert som styrar ved skulen. Jon Sæland som vart statskonsulent i småfe frå 1918, var i åra 1916-18 sterkt oppteken med førebuinga til det som seinare skulle bli hans arbeidsplass, og Karstad vart derfor den ansvarlege ved skulen. Hausten 1918 flytta Karstad til Vestlandet og vart seinare rektor ved Mindre Sunde landbruksskule.


Hans livsgjerning vart derfor knytt til denne skulen, men han rakk mye lenger.

Olav Karstad sitt namn er også knytt til ut-

viklinga av fjordhesten eller Vestlandshesten som han offisielt vart kalla i stambøkene. Saman med statskonsulent Loen var desse to «arkitektane» til det vi kjenner som den moderne norske fjordhesten. I tillegg til dette var Karstad ein sterk talsmann for å marknadsføra den norske fjordhesten i andre land. Serleg vart Danmark og Holland gode marknader. I dag er det meir av denne hesten å sjå ved utstillingar i desse landa, enn her i landet.

Som kulturperson og norskdomsman fann Karstad sin plass som lærar ved Fram Brevskule, brevskule med nynorsk som undervisningsmål. Karstad underviste i jordbrukslære. Det var heilt utruleg kva den mannen rådde med. Dette kom i tillegg til rektorstilling og andre gjeremål.

Transportvogn innkjøpt av 5 gardsbruk i Alvdal, for transport til meieriet. Kjørrarlaget «oppmed bergom» hadde vogna, innkjøpsåret er ukjent. I Moelvens katalog like etter første verdenskrig finner en vogna avbildet.





Såmaskin, for det meste nytta til grasfrø, men også til anna slags frø. Breidsåing var vanlig, men de første maskinene var i bruk alt i 1910. Ein modell av typen fekk gullmedalje på jubileumsutstillinga i 1914 under navnet Markens Grøde.

Under opninga av utstillingen vart det lagt opp til hestemønstring.

Alvdal har etterkvart fått fram interessa for

hesten. Med eit hestetall på 14 hestar for eit tiår sidan, er hestetallet i dag på god oppsving. Det er som «hobbyhest» og kontaktdyr han aukar og vi

finn idag rasane islandshest, fjording, nordlandshest og dølahest både som tung og lett type. I tillegg nokre få varmlodshestar. Under mønstringa vart islandshesten ført fram først som den opprinnelige rasen. Dei norske typane er foredla ut frå denne hesten, med innblanding av andre variantar. Under mønstringa vart det gjeve ein kort omtale av kvar rase og hestane mønstra med forskjellig utstyr.

Med denne opninga vart det klart kva hesten var for menneska i landet vårt opp gjennom tidene. Det var ein viktig del av utstillinga, og ein god markering av hesten si utvikling. Inne på Storsteigenlåven stod redskapane oppsett etter årstid og føremål.

Det var ein jamn straum av folk som gjekk og såg på dei gamle, slitte og velbrukte tinga. Dei eldre i attkjennande vyrnad for det som eingong var ein del av arbeidet. Dei unge i undring og fulle av spørsmål.

I bakgrunnen var den moderne maskinparken ved skulen.

Ved avdelinga for ploger møtte vi arden som var det første jordarbeidingsredskapet for trekkraft som vi kjenner, og som grunnlaget for utviklinga av plogen.

Av plogane var grindplogen den eldste. Som

ein interessant sak var det også med ein vendepløg. Bygd på den måten at når ein hadde pløgt med velting av føra til høgre, kunne ein venda og slå over veltinga til venstre. På denne måten kunne ein pløye tur retur og leggja føra same vegen. Vendepløgen som i dag vert nytta på traktor har hydraulisk oppbygd mekanisme og eit sett med venstreveltande ploger og eit sett med høgreveltande ploger.

I det heile var utstillinga bygt opp som utviklingsoversyn over redskapen i landbruket Eg skal innskrenka omtala med å syna til bileta frå utstillinga, dei talar meir enn mange ord.

Skulle ein setja kritikk på dette, måtte det bli at ein burde hatt meir tid og meir plass, slik at dei mest moderne maskinane også hadde fått sin presentasjon. Det ville gjeva eit meir breidt og inspirerande bilete av utviklinga i landbruket.

Ein dag blant alt det som fantest på utstillinga ga likevel mykje. Og det var ein dag til minne og ettertanke, til erkjenning og forståing av teksten i Bondesangen:

«All kultur er dyrken, først og fremst av jord; der er moderstyrken, først bak plogen gror samfunnslivet frem, bygd og by og hjem, første bonden var, hele landets far.»